



Klaus Magnus Wergeland
Nedre Mangerbua 6
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1164 - 17/11987

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
25.04.2017

Førebels svar - trong for tilleggskontroll - gbnr 137/746 Alver

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 04.04.2017.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Nabovarsel

Seim Bygg AS, som deleigar av gbnr 137/289, må varslast.

Forholdet til gjeldande reguleringsplan

I reguleringsplanen er det fastsett byggjegrænse mot privat veg som er på 2 meter frå asfaltert vegkant. Plassering av garasje i forhold til byggjegrænse må gå fram av situasjonsplanen.

Dersom tiltaket kjem i konflikt med regulert byggjegrænse må det søkjast om og liggja føre dispensasjon før tiltaket kan godkjennast. Vedlagt følgjer kart som viser regulerte byggjegrænser og frisisiktssone.

Det er eit krav at det er mogleg å snu på eigen grunn. Dokumentasjon på at kravet er stetta kan gjerast ved innteikning på situasjonsplanen. Dersom det ikkje er mogleg å snu på eigen grunn med plassering som omsøkt må alternativ plassering vurderast.

Lenke til planen finn du her: <http://www.geoweb.no/braplan/planInnsyn.jsp?kildeid=1263&planid=1263-200817>

Kommunen ber om at tilleggskontroll vert sendt inn samla innan **01.06.2017**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist



Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Reguleringsplan gbnr 137-746

Mottakarar:

Klaus Magnus Wergeland, Monica Nævdal	Nedre Mangerbua 6 5911	ALVERSUND
Monica Nævdal	Nedre Mangerbua 6 5911	ALVERSUND